


# FotoWeb på Android

Denne rettleiinga er laga på Android-versjon 6.0.1

Last ned frå Google Play, installer og trykk på app'en «FotoWeb»




Skriv inn:

Host name = <https://bilde.mrfylke.no>

User name = ditt vanlege brukarnamn

Password = det passordet du bruker på dei fleste andre IT-systema i Møre og Romsdal Fylkeskommune


Trykk «Sign in»




## Korleis laste opp?


Vi føreset at du allereie har tatt [e-læringsleksjonen om opplasting](#), slik at du veit kor viktig det er med god teksting og kva du skal bruke dei ulike felta til.

1) Trykk «Upload»



2) Trykk på det første symbolet for å velje eit eller fleire bilde som er lagra på telefonen, eller klikk på kamera-symbolet for å ta nye.





Fyll ut dei gule felta

6) Tittelen bør vere kort og grei.

Feltet «Beskrivelse» er frivillig, men dersom du har fotograftert personar, må du skrive kven som er på bilde her t.d. «På første rad frå venstre ser vi Håvard Hedde i kystdrakt og Kari Knudsdotter i Nordmørsbunad».

FØR du lastar opp bilde med personar, må dei som er med godkjenne bruken, sjå [mrfylke.no/bilde](http://mrfylke.no/bilde) for reglar og unntak.


7) Skriv inn fullt namn på fotografen.

8) Skriv inn ønska bruksrett eller bruk forkortinga:

**Fri bruk = fb**

**Fri bruk på eigen arbeidsplass = fa**

**Kun etter avtale = ka**



9) Gode nøkkelord / tags er heilt avgjerande for at bilda blir funne og dermed kan bli brukt!

Start gjerne med å skrive kor bilde er tatt, for eksempel «Runde», «Herøy» og «skoletur».

Finn generelle ord som beskriv innhaldet, for eksempel «natur», «hav» og «solskinn». Finn spesifikke nøkkelord, for eksempel «Lundefugl» og «Havørn». **Nøkkelorda skil du med ; (altså semikolon).**

**Prøv å skrive minimum 5 nøkkelord til kvart bilde, men gjerne 20 😊**

Du kan forandre innhaldet i alle tekstfelta ved å logge inn på [bilde.mrfylke.no](http://bilde.mrfylke.no) og klikke på arkivet «Mine bilder» og klikke på ønska bilde.

Dersom bilde manglar fargekode skyldast dette at du har skrive inn noko anna enn dei definerte bruksrettane (eller godkjende forkortingane). I slike tilfelle MÅ du gå inn å velje bruksrett slik at andre kan sjå dei.

Når du skal forandre det same feltet på fleire bilde, t.d. «Vilkår for bruk», er det mest effektivt å merke dei aktuelle bilda (t.d. ved klikke på den lille haka nede til høgre for bilde når du er i arkivet «Mine bilder») og så klikke på «Legg til metadata».

The screenshot shows the 'Mine bilder' (My Pictures) section of a digital archive. The top navigation bar includes tabs for 'ARKIVER', 'ALBUMER', 'FAVORITTER', and 'Mine bilder'. Below the navigation, there are search and filter options like 'Søk', 'Søkere', 'Last opp', and user profile icons. The main area displays a grid of six image thumbnails. The third and fourth thumbnails have small blue checkmarks in their bottom right corners, indicating they are selected. A red arrow points from the left towards these two images. At the bottom of the screen, a toolbar contains several buttons: 'Last ned', 'Legg til Metadata' (highlighted with a red box), 'Legg i album', 'Slett', 'Sett status', 'Sett rangering', 'Lag notat', and rotation options ('Roter 90 mot klok...', 'Roter 90 med klok...', 'Roter 180 grader').

Merk at denne metoden **skriv over** alt det som ligg frå før i det / dei valde felta.

The screenshot shows the 'Legg til metadata' (Add Metadata) dialog box. The title bar says 'Legg til metadata på 2 objekter'. The dialog contains several input fields: 'Metadata' (with a 'Tom alle' link), 'Nøkkelord (tags)' (with a note 'Klikk nå for å legge til nøkkelord (tags)'), 'Fotograf' (with a note 'Klikk nå for å legge til Fotograf'), 'Bildedato' (with a note 'Klikk nå for å legge til Bildedato'), and 'Vilkår for bruk' (with a checked checkbox and the text 'Fri bruk på egen arbeidsplass'). At the bottom right, there are 'Lagre' (Save) and 'Avbryt' (Cancel) buttons, with the 'Lagre' button highlighted by a red box.